



Kjartan Johan Hove

Dykkar ref.:

Vår ref.:

FLAKRI-2022003763 -23

Arkiv:

K2-K01, GBNR-1/109

Vår dato:

24.07.2026

Saksnr.	Utval
141/26	Hovudutval for utvikling

Gnr. 1 bnr. 109 - Løyve til motorferdsel i utmark

Vang kommune mar motteke søknad frå Kjartan Johan Hove den 27.07.2025 om løyve etter nf. §6 for transport av gravemaskin og borerigg frå E16 inn langs Kongevegen og vidare inn til hytta på gnr. 1 bnr. 109.

Saken ble sendt til Innlandet fylkeskommune for uttale den 21.08.2025. Kommunen mottok uttalelse frå Innlandet fylkeskommune den 13.10.2025.

I uttalelsen stod det:

«Med bakgrunn i det ovenstående vil Innlandet fylkeskommune sterkt fraråde at det gis tillatelse til omsøkte kjøring på Kongevegen. Av kommunedelplanens retningslinjer fremkommer det tydelig at denne type ferdsel ikke skal forekomme på Kongevegen. Vi mener kjøringen vil kunne påføre vegen ytterligere skade og forringe et viktig kulturmiljø av høy nasjonal verdi. Kjøringen vil i tillegg kunne medføre kollaps av allerede istandsatte, steinsatte stikkrenner, og de påkostede tiltakene for istandsetting av vegen kan således synes forgjeves.»

Hovudutval for utvikling avslo søknaden i møte 11.11.2025, og vedtaket ble påklaga den 01.12.2025.

Klaga ble behandla i Hovudutval for utvikling den 02.03.2026 med vedtaket:

«HU opphevar vedtaket som er gjort den 11.11.2025, sak 045/25, på bakgrunn av innsend klage fra Kjartan Johan Hove og Dina Lefdal, jfr. § 33 i Forvaltningsloven. HU ber administrasjonen utføre synfaring saman med offentlege myndigheiter, grunneigar, klagar og entreprenør før ny behandling.»

Det ble utført ein felles befarung av strekninga den 11.06.2026, og kommuna mottok ein ny uttale frå Innlandet fylkeskommune den 03.07.2026 med konklusjon:

«Innlandet fylkeskommune er engstelige for at en tillatelse til kjøring av borerigg på kongevegen, som omsøkt, vil kunne påføre vegen ytterligere skade. Allikevel vil vi etter en samlet vurdering, i dette enkelttilfelle, kunne tilrå at det gis tillatelse til kjøring på kongevegen forutsatt at det stilles vilkår som sikrer en minst mulig belastning på den verneverdige vegen. Vilkår for tillatelsen er listet opp over.»

Vilkåra til Innlandet fylkeskommune:

1. Valg av utstyr

Det skal benyttes borerigg med lavest mulig egenvekt (maks. 16 tonn) og med brede belter for å redusere marktrykket.

2. Tidspunkt for kjøring

Kjøring er kun tillatt i tørre perioder, fortrinnsvis i august–september, for å redusere skadepotensialet. Dersom vær- og føreforhold under arbeidets gang brått endrer seg må det vurderes fortløpende hvorvidt transport av borerigg skal avbrytes, fremskyndes eller utsettes for å unngå skader på kongevegen.

3. Avgrensning

Det skal ikke kjøres lenger inn på kongevegen enn til stikryss mot gbnr. 1/109. Kjøring over den sørligste, istandsatte stikkrenna skal unngås (se kartvedlegg).

4. Samordning av transport

Dersom flere tiltakshavere i området har tilsvarende behov, skal transporten så langt som mulig samordnes.

5. Tilstandskontroll

Det skal gjennomføres tilstandsregistrering av vegstrekningen før oppstart. Det kan også bli aktuelt med oppfølging og tilsyn under arbeidet. Tilstandsregistrering og oppfølging/tilsyn under arbeidet utføres av SVV, og kostnadene til dette dekkes av SVV. Det skal tas kontakt med SVV i god tid før tiltaket planlegges utført slik at de kan få gjennomført tilstandsregistreringen på veggen.

6. Ansvar for skader

Eventuelle skader som følge av kjøringen skal utbedres av tiltakshaver. Det presiseres at skader kan utvikle seg over tid, og ansvar kan gjøres gjeldende også etter at arbeidet er fullført. Det er kjent at veggen er blitt påført skader etter tidligere kjøring; dette vil bli utdypet i tilstandsrapporten. Det er likevel viktig at de stikkrennene som er intakte, istandsettes igjen dersom tiltaket fører til skade på disse. En eventuell istandsetting skal gjennomføres etter antikvariske prinsipper og av kvalifiserte tradisjonshåndverkere innenfor tørrmuring.

7. Regulering av ferdsel

Vang kommune må, i dialog med berørte grunneiere, jobbe for å få på plass en ny bom ved innkjøringen til kongevegen ved E16 slik at den motoriserte ferdselen på veggen reduseres.



Vurdering:

I uttala til Innlandet fylkeskommune konkluderast det at det kan gis tillatelse til omsøkt tiltak forutsett at det stilles vilkår som sikrar ein minst mogleg belastning på Kongevegen. Den fyrste delen langs Kongevegen er godt omtalt i uttala frå Innlandet fylkeskommune, og Vang kommune stiller seg bak denne uttala.

Den andre delen av omsøkt tiltak er frå Kongevegen og ca. 120m inn til hytte på gnr. 1 bnr. 109. Her er det hogd ein trase av grunneigar som skal nyttast. Traseen går i lyng, og køyring må skje med hensynsfullt. Gravemaskin skal vere den fyrste inn og den siste ut for å rette opp eventuelle skadar.

Gravearbeidet som ble utført i 2023 må rettast opp når gravemaskin fyrst er i område. Dette vil sei å «gjemme» stein i terrenget slik at den lyse sida i mindre grad oppfattast som eit framandelement.

Løyver til motorferdsel i utmark på vurderast etter prinsippa §§8-12 i naturmangfaldlova:

Kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet:

Det er brukt artskart og naturbase for å vurdere artsmangfaldet i området. Det er ikkje registrert nokon artar av nasjonal forvaltningsinteresse i nærleik til traseen. Tiltaket skal utførast utafor hekkeperioda for fuglar.

Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder:

Det skal køyrast i en tørr periode for å forhindre mest mogleg skade på vegen. Dersom vær- og føreforhold brått endrar seg, må det gjerast ein vurdering om arbeidet må stoppast. Det skal ikkje etablerast veg inn til hytta.

Vedtak:

Vang kommune gjev Kjartan Johan Hove løyve etter nasjonal forskrift §6 til bruk av gravemaskin og borerigg frå E16 og inn til hytte på gnr. 1 bnr. 109.

Vilkåra frå Innlandet fylkeskommune gjeld for dette løyve(s.2).

Samt vilkår:

- Ved køyring frå Kongevegen og inn til hytte skal det også ryddast opp etter gravearbeidet i 2023. Oppgravde steiner skal «tilbakeførast» slik at den lyse steinen gjemmast.
- Det skal tas kontakt med Statens vegvesen for tilstandskontroll før tiltaket settast i gang.
- Grunneigars tillating må vere på plass.
- Løyve gjeld ein tur-retur til hytte.
- Løyve gjeld til 31.12.2026.

Ein gjer merksam på generelle reglar iht. Motorferdsellova: § 8:

«Motorferdsel i utmark og vassdrag skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og mennesker.»

§ 10: «Denne lov innskrenker ikke den adgang grunneier og bruker har etter gjeldende rettsregler til å forby eller begrense motorferdsel på sin eiendom.»

§ 12: «Den som forsettlig eller uaktsomt overtrer denne lov eller forskrifter, regler eller vilkår fastsatt i medhold av loven, eller medvirker hertil, straffes med bøter.»

Ein kan klage på vedtaket jamfør forvaltningsloven § 28

Med helsing

Kristian Lindseth Flaa

Rådgjevar landbruk, natur og miljø

Dir. tlf.: 468 13 738

E-post: kristian.lindseth.flaa@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Vedlegg

Uttale til søknad om motorferdsel i utmark - kjøring av borerigg på Kongevegen over Filefjell - gbnr. 1/109 i Vang kommune	301275	24.07.2026
Uttale til søknad om kjøring med borerigg på Kongevegen over Filefjell ved Kyrkjestølen i Vang kommune.docx.pdf	301276	24.07.2026